



Reidun Iden Lædre
Ievegen 265
5917 ROSSLAND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3156 - 15/21855

Saksbehandlar:
Laila Bjørge
laila.bjorge@meland.kommune.no

Dato:
07.12.2015

Godkjenning av fritak frå gjødselplan 2015 for GBNR 49/2 på lo

Administrativt vedtak. Saknr: 431/2015

Saksutgreiing:

Reidun Iden Lædre har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift. Dei dreiv tidlegare med norsk kvitsau, men har no endra både sauerase og driftsform til utegangardrift. Drifta er 20 vinterfora sauer. Det er 18 daa fulldyrka, 7 daa overflatedyrka og 15 daa innmarksbeite på bruket. I tillegg vert utmarka nytta til beite. Ho oppgjev at det vert kjøpt inn 500 kg med 18-3-15 som vert nytta på areal til slått og beite.

Åreleg tilført næringsstoff p.r daa /år på jordbruksarealet				Kg Nitrogen	Kg Fosfor	Kg Kalium	
Kg	Gjødselslag	Totalt areal		Kg pr. daa			
500	18-3-15	37	slåttemark/beite	14	2,5	0,4	2
Sum					2,5	0,4	2

Vurdering:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera for kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50 % av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling for både nitrogen, kalium og fosforgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (2,8 men etter frådrag for beitetid vert det 0) og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødsel plan i 5 år.

Vedtak

Meland kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 31.12.2020 for gnr. 49, bnr. 2, då bruket er ekstensivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Reidun Iden Lædre

levegen 265

5917

ROSSLAND